

Ordføreren sitt hjørne – desember 2016



«Når nettene blir lange og kulda setter inn» er starten på ei kjent vise som blir sunge i desse juletider. Det einaste som stemmer så langt er at nettene er lange. Kulda har ikkje kome enno, og det har heller ikkje snøen i skikkeleg mengder. Heldigvis er det snøkanonanlegg både i skisenteret og Gravset, så vintersesongen er godt gang likevel.

Tysdag i neste veke er det kommunestyremøte kl. 18.00. Før møtet skal det vera utdeling av Miljøfyrtårn til to bedrifter. Hemsedal er heilt på topp i landet når det gjeld bedrifter som har tatt jobben for å kunne få denne sertifiseringa. Rundt 30 bedrifter har no kome gjennom nålauga. **«Miljøfyrtårn er Norges mest brukte sertifikat for virksomheter som vil dokumentere miljøinnsatsen sin og vise samfunnsansvar»..** Å vera Miljøfyrtårn krev systematisk arbeid med miljøtiltak i kvardagen. Virksomheitene må oppfylle krav og gjennomføre tiltak for ei meir miljøvennleg drift og eit godt arbeidsmiljø. Dette er viktige haldningar for eit berekraftig næringsliv.

Budsjett2017 og Økonomiplan for 2017-2020 er på sakskartet denne gongen. Det er budsjettet som avgjer kva tenester kommunen er i stand til å yte, eller sagt på ein annan måte: Vil barnehagetilbodet vera godt, vil me ha ein god skule og vil helse, pleie- og omsorgstenestene vera slik dei bør vera? Så er det tekniske tenester, kultur og mykje meir. Det meste av dette er lovpålagde tenester, men det er kommunen sjølv som til ein viss grad definerer kva som er gode tenester. Me trur me har gode tenester i Hemsedal, og budsjettet for 2017 har funne rom for å vidareføre tenestenivået. Det er me godt nøgde med, for det er ikkje alle kommunar som greier det. Jamn folketalsvekst gjer at kommunen sine inntekter aukar litt meir kvart år enn prisvekstjustering. Sjølv sagt er det fleire som skal ha «tenester» og me merkar veksesmerter, men det har slått positivt ut for oss dei siste åra. Administrasjonen har god budsjettdisiplin og god budsjettstyring. Det gjer oss ein trygg situasjon.

Formannskapet har gjort svært få endringar i framlegget som er lagt ut. Det er lagt inn 2 verbale punkt som kommunen skal jobbe vidare med. Det er :

-Hemsedal kommunestyre vil legge til rette for gjennomføring av gangveg/turveg mellom Holdebakken og Tuv. Gangvegen bør gjennomførast i samband med bygging lysløype /skiløype på same strekninga. Hemsedal kommunestyre ber rådmann starte planarbeid for det aktuelle området. Hemsedal kommune ynskjer at idrettslaget saman med andre aktuelle partar står for utbygginga, og at kommunen yter tilskott til gjennomføring. Det vert tatt stilling til eigedomskatt i samband med avklaringar for investeringar innan oppvekst og helse. Det vert førebudd ei sak som synleggjer moglegheiter og konsekvensar av innføring av eigedomskatt i Hemsedal kommune.

Det ser ut som det går lenge før Statens Vegvesen byggjer gangveg langs Rv 52. Den er farleg å ferdas på for gåande og syklende, så derfor må kommunen gjera tiltak som sikrar dei mjuke trafikantane. Formannskapet vil derfor prioritere dette tiltaket, men håpar på at det kan gjennomførast som ein dugnad der fleire partar deltek.

Hemsedal kommune er ein av få kommunar som ikkje har innført generell eigedomsskatt. Det er ein ekstra kommunal skatt på eigedom, hus og hytter. Formannskapet synes dette må sjåast i samanheng med ei eventuell stor investering på ny skule og nødvendige investeringar innan helse, pleie og omsorg. Dette er investeringar for framtida i ein kommune som alle spådommar seier skal vekse mykje framover. Som ordlyden i vedtaket seier skal dette koplast opp mot prioriteringar innan oppvekst og helse, etter at ei arbeidsgruppe med politisk og administrativ deltaking har gjort sine vurderingar. Det er lagt opp til at dette skal vera sak i mai-møtet i kommunestyret. Det er mange steinar som må snuast for at me kan gjera dei rette vala.

Med ynskje om ei god jul og godt nyttår til dykk alle!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører